

## Vedlegg 1.

### Kort skildring av arrangementet.

Dei siste to helgene i april går Røldal Freeride Challenge og Røldal Freeride Junior av stabelen i fjellbygda Røldal. Dette er frikøyringskonkurransar på snøbrett og ski. (Les meir om frikøyring her: <https://no.wikipedia.org/wiki/Frikjøring>).

RFC er finale i norgescupen (<http://norwayfreeride.no>) i frikøyring og konkurransen har ei høg stjerna nasjonalt og internasjonalt. RFC er ein av Nord-Europas største, viktigaste og mest publikumsvennlege frikøyringsarrangement på ski og snøbrett, og arrangeras for 17. år på rad 27-30/4-2017. Konkurransen er kjent som eit spektakulært arrangement og trekker til seg eit publikum på opp mot 3000 tilskodarar.

Røldal Freeride Junior, også kjent som Junior NM i frikøyring, arrangeras helga før, for 7 året på rad. Junior NM har fått sama status blant frikøyrarar under 18 år som seniorkonkurransen har for dei over 18. Denne konkurransen tiltrekk seg snøglade barn og ungdom frå heile landet i alderen 6-17. Dette er ei helg der ferdsel og trygggleik i fjellet står i fokus. Vårt mål er og få flest mogleg til og ta i bruk naturen me har så lett tilgjengeleg, under trygge rammer. Vinnarane tek med seg ein uoffisiell norgesmeistertittel, og alle deltararane reiser heim med premiar. Konkurransen er ein del av Freeride Junior Tour, altså verdscupen for juniorar.

Arrangør av begge konkurransane er stiftinga Røldal Freeride, ein organisasjon utan lønnsutbetalingar, der alle partar er heimehøyrande i Odda Kommune. Heile organisasjonen driftas på dugnad, noko som vert vanskelegare for kvart år som går.

Røldal Freeride Challenge gjev direkte resultat i form av auka omsetning for reiselivsbedriftene og relaterte verksemder i Odda kommune under arrangementet, men bygger og opp området som frikøyrings- og toppturdestinasjon heile året. Røldal Freeride har bidrige til å gjere frikøyring til ein folkesport, og skapt grunnlag for næring innan skiskule, frikøyringskurs og guiding i Røldal og området rundt vinterstid. Kostnadane ved desse to konkurransane er stadig ei utfordring. Hovudfokuset vårt er på sikkerhet, og det er dette som kostar mest. I ein stadig vanskelegare sponsormarknad slit me med og få inn nok midlar til og gjennomføre desse arrangementa.